



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Plansakkonsulent - 100% fast stilling

Stillingsinformasjon

Ved tenesteområdet Plan, utbygging og kommunalteknikk er det ledig fast stilling som plansakkonsulent. Det er behov for å auke kapasiteten innan saksbehandling og oppfølging av offentlege og private reguleringsplanar, der det er ein stilling frå før. Stillinga vil også vere innretta mot interkommunalt samarbeid underveis mot Alver kommune.

Arbeidsplass

Tenesteområdet omfattar om lag 44 tilsette, der 18 medarbeidrarar har oppgåver knytt til saksbehandling, utbygging og forvaltning innan kommunen sine tekniske tenester: offentlege og private planar, byggesaker, kart og GIS-tjenester, oppmåling, miljø, landbruk, kommunal eigedom og utbygging og forvaltning av kommunale bygningar og kommunaltekniske anlegg.

Det er gjort vedtak om kommunesamanslåing mellom Meland, Radøy og Lindås til Alver kommune frå 2020, noko som vil forsterke eit allereie robust fagmiljø i regionen.

Arbeidsoppgåver

Oppgåvene omfattar saksbehandling og oppfølging / utgreiing av reguleringsplansaker etter plan- og bygningslova, oppfølging av digitalt planarkiv og andre tilhøyrande oppgåver. Stillinga inneber eit omfattande tverrfagleg samarbeid, for mellom anna å sikre høg kvalitet i gjennomføringa av reguleringsplanane der alle relevante fagområde er ivaretatt.

Administrasjonsspråket er nynorsk.

Kvalifikasjonskrav

Vi søker deg som har relevant utdanning innan planfag og plansaksbehandling, helst på masternivå, minimum bachelornivå. Til dømes arealplanleggjar, sivilingeniør eller arkitekt-/ ingeniørfagleg bakgrunn. Anna utdanning i kombinasjon med relevant erfaring kan vurderast.

Vi vil legge vekt på at den som blir tilsett

- Har relevant erfaring innan saksfeltet
- Har solid kjennskap til regelverket som gjeld for plansaksbehandling og relaterte felt
- Har positiv tilnærming til oppgåvene
- Tek ansvar og kan arbeide sjølvstendig
- Likar å samarbeide
- Arbeider effektivt
- Likar publikumskontakt
- Legg vekt på god service
- Har god munnleg og skriftleg framstillingsevne
- Handterer elektronisk saksbehandlingsverktøy og digitale planverktøy
- Er lojal

Vi tilbyr

- Interessante oppgåver
- Fleksibel arbeidstid
- Godt og tverrfagleg arbeidsmiljø
- Kurs og kompetanseutvikling
- Løn etter avtale
- God pensjonsordning

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 30.12.2018

Utljyst dato 12.12.2018

Vårref

96/18

Kontaktperson

Anny Bastesen, Sektorsjef teknisk, mobil: 40038893, anny.bastesen@meland.kommune.no